


Dato: 12.10.2015

Kl: 19.00 – 21.30

Stad: Møterom Seimsdalen Årdal Rådhus

Innkalling har gått til: <ul style="list-style-type: none"> • Per Bjørkum og Ole Bjarne Hovland frå Vikadalen, • Jacob Lemvik og Endre Offerdal, frå Offerdalen, • Jasmin Eminovic frå Eldegarden storvald • Jostein Holsæter frå Fardalen. • Vidar Hjelle Frå Utladalen. • Jostein Granby og Vidare Moen frå Seimsdalen/Hæreid/ Nundalen • Knut Fredrik Øi 	Desse møtte: <ul style="list-style-type: none"> • Per Bjørkum og Ole Bjarne Hovland frå Vikadalen Endre Offerdal frå Offerdalen, • Jostein Holsæter frå Fardalen. • Vidar Hjelle Frå Utladalen. • Vidare Moen frå Seimsdalen/Hæreid/ Nundalen • Jasmin Eminovic frå Eldegarden storvald • Knut Fredrik Øi Desse hadde meldt frå at dei ikkje kom; <ul style="list-style-type: none"> • Jacob Lemvik, frå Offerdalen, • Jostein Granby frå Seimsdalen/Hæreid/ Nundalen
AGENDA	
1. Førre møte	Vidar Moen
<p>Kort gjennomgang av møtereferat frå førre møte. Dette omhandla i hovudsak vedtektene. Det var ein diskusjon knytta til §5 i vedtektene som omhandlar saklista til årsmøtet. Saklista skal vere kjent for alle møtedeltakarane på årsmøtet slik at den må komplett sakliste må vere tilgjengeleg etter at styret har fått inn saker som skal opp på årsmøte. Dato for når innkomne saker og klar sakliste skal vere klar kan vere ting sin diskuterar ved seinare høve. Det kan forsatt kome små endringar etter kvart som ein jobbar med sjølve bestandsplan.</p> <p>Veldig få av møtedeltakarane hadde lest gjennom e-post som var utsendt 25 september med møtereferat og reviderte vedtekter, før dagens møte.</p> <p>Vedtekter og plan er no lagt ut på kommunen si heimeside under Årdal kommune / landbruk / viltforvaltning / Årdal Hjort- og Elgutval Her finn ein møtereferat, reviderte vedtekter og den pågåande plan. Dette vert oppdatert når Knut Fredrik får tilsendt frå utvalet. Link her</p>	
2. Dagens møte	Vidar Moen
<p>Knut Fredrik Øi deltek på møte som observatør. I tillegg var Are Rognes frå Luster kommune tilstade. Han er ansatt som viltforvaltar i Luster kommune og ynskjer sjå litt om korleis vi driv mtp hjorteutval. Luster har for tida ikkje fungerande hjorteutval i kommunen. I tillegg så er intensjon at vi etablerar dialog med Luster sidan dei vert tilstøytande bestandsplanområde på Luster sørside.</p> <p>Målet med dagens møte er å komme eit steg vidare på mot ein ferdig bestandsplan. Konkret for dette møtet er å klargjere kva mål ein skal sette seg for planperioden.</p>	
3. Bestandsplan	
<p>Fram til no har den generelle målsettinga vert å ha ein svak auke i bestanden av hjort i Årdal kommune. Dei seinare åra har synt at vi har hatt ein relativ auke i bestanden i alle områder. Dette vart uttrykt av alle som var tilstade på møtet. Ein medvirkande årsak til dette kan vere at ein ser at det er tatt ut ein mindre andel produksjonsdyr siste åra. Fram til 2011 er over av 50% av felte dyr vaksne han og ho.</p>	



På bakgrunn av dette og ein diskusjon kring dei plager som er med hjorten, spesielt mtp landbruksnæringen i Vikdalen, vart det bestemt å gjere om målsettingen til å stabilisere bestanden. Innanfor bestandsplanområdet (heile kommunen) vil det likevel vere ulike ynskjer og behov som plan skal vere med å ivareta.

Med bakgrunn i ulike behov må plan vere slik at det kan vere ulik avskytingsmodell i dei ulike områder. Med områder så meinast tidligare driftsplanområder.

Målsettinga i plan vart gjennomgått, hovud- og delmål vart utforma slik:

Hovudmål:

Hovudmålet for denne planperioden er å stabilisere hjortestamma på dagens nivå. Dette skal gjerast innafør berekraftige rammer for landbruket, skogbruket og andre samfunnsinteresser. Ein legg vidare til grunn ei målsetting om ein forutsigbar bestandsutvikling til gode for jaktberettiga, næringsverksemd og andre samfunnsinteresser

Delmål:

- Halde på eit godt kjønnsforhold i bestanden. Tilhøva kolle /bukke skal ligge innanfor området 1,1-1,15 på sett hjort observasjonar.

- Legge tilrette for eit uttak lokalt i valda som tek omsyn til lokale ynskje og behov.
- Auke alderen på dyra i bestanden, kjeveinnsamling ein gong i planperioden.
- Arbeide for utnytting av alt areal innanfor kommunen til hjortevald
- Legge til rette for betre avgjerslegrunnlag i hjorteforvaltninga. Innlevering av sett hjort skjema skal vere 100%
- Sett hjort pr jegertime 0,3
- Sett kalv pr kolle 0,6

Delmål er bassert på data henta ut frå Sett hjort registreringa i Årdal for 2009, 2013 og 2014. Ein må til neste møte avklare delmåla om det er omforeint med å stabilisere bestanden. Dette må så regulerast under kapitel 6 som omhandlar plandelen. Her må avskytingsmodellen fastsettast, samtidig kva ein gjer i planperioden dersom det skal vere ulik modell i dei ulike områda. Ein diskuterte om det skulle leggst inn ein målsetting på antall dyr skutt pr år.

Til neste møte skal alle utvalsmedlemmer lage status for eige område, inntrykk av mengde hjort, tilhøve bukk / kolle osv... Vidare skal den enkelte ha tankar om kva tiltak og avskyting ein må ha for å nå felles målsetting, samtidig skal ein vurdere kva som vil vere tenelege tiltak for å redusere plagene med hjort i Vikadalen.

Dette er viktig da vi kunn har igjen to møter før føreslegen plan og vedtekter skal ut på høyring.

Knut Fredrik avklarar møterom, legg ut referat på heimesida til kommunen og melder inn at projektor ikkje fungerte.

4. Møteplan

Mandag 2 nov kl 19 Møterom Seimsdalen, Årdal rådus

- Mandag 7 des kl 19
- Forslag til plan sendes ut på høyring før jul, frist for tilbakemelding ?
- Mandag 11 januar kl 19. Oppsummering
- Mandag 15 februar kl 19 Årsmøte. Godkjenning av bestandsplan + årsmøtesaker.

Referent

Vidar Moen